



## Fylkesmannen i Vestland

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Vår dato: 17.06.2020  
Dykkar dato: 08.01.2020  
Vår ref: 2020/635  
Dykkar ref: 19/974

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Samnanger kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Samnanger kommunestyre har i møtet 05.12.2019, sak 96/19, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av koronautbrotet særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering:

**Kommunen budsjetterer med netto driftsresultat mellom 0,6 til minus 0,21 prosent for dei neste fire åra. Etter korrigering for bruk av bundne fond er dette likevel lågare enn kommunens målsetjing på 1,75 prosent. Fylkesmannen vil sterkt oppmøde kommunestyret om å følgje opp eiga målsetjing. Med eit slikt resultat kan kommunen byggje opp ein tilstrekkeleg fri eigenkapital til å møte uføresette hendingar og andre utfordringar med økonomiske konsekvensar, og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar.**

**Fylkesmannen har tidlegare påpeika kommunen si høge lånegjeld. I økonomiplanen er det lagt opp til å redusere gjelta samanlikna med driftsinntektene. Saman med å oppnå eit korrigert netto driftsresultat på 1,75 prosent, vil dette styrkje kommunen sitt handlingsrom for drift og utvikling og bidra til gode tenester til innbyggjarane.**

### Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere



utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. Samnanger kommune har utarbeidd økonomiske oversikter etter kommunestyrevedtaket, lov og forskrift.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal i økonomiplanperioden:

- Korrigert netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter på 1,75.
- Lånegjelda skal ikkje overstige 240 mill. kroner.
- Disposisjonsfondet skal ligge på om lag 15 mill. kroner.

### Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 1,4 mill. kroner, som utgjer 0,6 prosent av driftsinntektene. Resultatet er avsett til disposisjonsfondet, og etter at det er budsjettet med bruk av bundne driftsfond på 2,1 mill. kroner til finansiering av utgifter i drifta, blir sum avsetjing til disposisjonsfondet 3,4 mill. kroner. Dette er etter at det er vedteke innsparinger innan områda skule og samfunn og utvikling på til saman kr 500 000. Innsparinga på skule kr 300 000, er ikkje fordelt til rammeområdet. Etter Kostra-tal<sup>1</sup> for 2019 har kommunen 9,8 mill. kroner i disposisjonsfond. Fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter er etter dette 4,3 prosent. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 12 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjetterte med 161,3 mill. kroner, som er i samsvar med statsbudsjettet og KS sin modell etter oppdaterte folketal per 01.01.2020. Samnanger auka folketalet i 2019 med 20 personar, som utgjer 0,8 prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. Over lengre tid har utviklinga i kommunen likevel vore svakare enn landsgjennomsnittet. Dette gjev ein lågare vekst i frie inntekter. Det er budsjettert med 13,4 mill. i eigedomsskatt, 6 mill. i gevinst frå sal av konsesjonskraft og 2,2 mill. kroner i inntekter frå Havbruksfondet. Avdrag er budsjettert med 7,9 mill. kroner, som er berekna til å vere innanfor regelen om minimumsavdrag etter ny kommunelov.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 34,9 mill. kroner. Av dette er 14,5 mill. kroner i vatn- og avløpsinvesteringar (VA), som skal vere sjølvfinansierande. Desse investeringane er finansierte med nye låneopptak, andre med tidlegare utnytta lånemidlar, momskompensasjon, tilskot og fond. Etter Kostra-tal<sup>2</sup> for 2019 har Samnanger 253 mill. kroner i langsigkt gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 109,3 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo)<sup>3</sup> er 111 prosent. Netto renteeksponering er 58 prosent. Det betyr at ein renteauke på 1 prosent isolert sett vil belaste 0,58 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 48 prosent. I tillegg vil samansetjinga av låneporteføljen mellom flytande og fast rente, ha betydning for verknader av renteendringar.

### Økonomiplan 2020 – 2023

Det er for kvart år i perioden 2021 – 2023 budsjettet med netto driftsresultat mellom null og - 0,21 prosent av driftsinntektene. Etter bruk av bundne driftsfond blir korrigert netto driftsresultat positive i 2021 og 2022, slik at det samla i økonomiplanperioden er planlagt ei avsetjing til disposisjonsfond på 5 mill. kroner. Skatt og rammetilskot er budsjettet på same nivå som for 2020.

<sup>1,2</sup> og <sup>3</sup> Kostra-konserntal 2019



I perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar på 23 mill. kroner. Av dette utgjer VA-investeringar 12,8 mill. kroner. Samla er investeringane finansiert med nye låneneopptak på 17,8 mill. kroner, og resten med momskompensasjon og bruk av fond. Dette betyr at lånegjelda blir redusert i løpet av økonomiplanperioden.

#### Fylkesmannens vurderingar

*Før bruk av bundne driftsfond er det i budsjett og økonomiplan budsjettet med netto driftsresultat mellom 0,6 til minus 0,21 prosent. TBUs<sup>4</sup> norm er på 1,75 prosent, som er det anbefalte resultatet kommunane bør ligge på over tid for å ha ein sunn økonomi. Dette er òg måltalet til Samnanger kommune for eit korrigert netto driftsresultat. Gjennom å oppnå eit slikt resultat vil kommunen byggje opp ein tilstrekkeleg fri eigenkapital til å møte uføresette hendingar og andre utfordringar med økonomiske konsekvensar, og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar.*

*I første tertialrapport må kommunen fordele uspesifiserte innsparinger på kr 300 000 til rammeområdet skule.*

*Fylkesmannen har tidlegare påpeika kommunen si høge lånegjeld. I økonomiplanen er det lagt opp til å redusere gjelda samanlikna med driftsinntektene. Saman med å oppnå eit korrigert netto driftsresultat på 1,75 prosent, vil dette styrkje kommunen sitt handlingsrom for drift og utvikling og bidra til gode tenester til innbyggjarane.*

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
ass. fylkesmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

---

<sup>4</sup> Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi